

Allkunne i tal og prinsipp

3.2.2021, 30 minutt

Eg heiter Per Magnus Finnanger Sandsmark, er tidlegare redaktør for Allkunne og no direktør i Nynorsk kultursentrum. Innlegget mitt heiter *Allkunne i tal og prinsipp*. Det er to høve som gjer dette aktuelt. Det **første** er at frå 2021 tek Vestland fylkeskommune over Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane og Store norske leksikon over ansvaret for å drive leksikon på nynorsk.

Det **andre** er det no avtala at heile Allkunne no vert ein del av Nynorskorpuset. Det har berre om lag ein tredel av innhaldet vore til no.


Føremålet med dette innlegget er å presentere innhaldet, redigeringsprinsipp og språkval for det redaksjonelle innhaldet som var på allkunne.no. Eg kjem også inn på poeng som lesartal og bruk, men det er underordna i denne samanhengen.

Det finst mange måtar å dele inn leksikonartiklane på. Det kunne vore etter forfattar, publiseringsår, alfabetet eller kategoriar. I denne samanhengen – og i denne presentasjonen – nyttar eg to inndelingar:

Eg deler artiklane etter kva språknorm/ rammer for språkleg variasjon, det har vore, og deretter etter bakgrunn/ sjanger. Dei to siste er overlappande for Allkunne sin del.

Eg vil no først gå igjennom inndelinga av innhaldet, og deretter gå i detalj for kvar inndeling. Dette er dei fire hovudkategoriane for innhald:

Fylkesleksikon Sogn og Fjordane	6 984	27 % av tekstane
Andre verk	2 500	9 % av tekstane
Nyskrivne	1 500	6 % av tekstane
Caplex	15 251	58 % av tekstane



Sjølvrappoteringa til Allkunne og dei tala vi finn når vi tel artikkelkodar på nettsida, er litt avvikande, men vil ikkje skape noko særleg endring i fordelinga. Det kjem truleg av at nokre artiklar er ført to gonger i den manuelle databasen. 6 % er altså heilt unikt innhald, 94 % er tilpassa av anna innhald.

Fylkesleksikonet er redigert utan språknorm. Dei tre andre har vore redigert med utgangspunkt i ei husnorm, men med ulike krav til sjanger.

Brukar- og lesartala ville gitt ein annan fordeling, berre for å vise det perspektivet:

Fylkesleksikon Sogn og Fjordane	ca. 50 % av tekstane (+ 13)
Andre verk	6 % av tekstane (- 3)
Nyskrivne	4 % av tekstane (- 2)
Caplex	40 % av tekstane (- 8)

Eg kan òg nemne at allereie er lesartala for dei ca. 7 000 nynorskartiklane vi fram til no har lagt inn på Store norske leksikon er dobbelt så høge som det har vore samla på Allkunne.

Tilbake til kategoriane:

Eg skal nå gå gjennom dei fire kategoriane. Tre av dei har altså felles språknormering, men ulikt opphav og ulike sjangertrekk. For dei tre behandlar eg språknorma først, og deretter kategoriane. Vi byrjar med den som ikkje har felles språknorm med resten:

Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane

Dette er om lag 7 000 artiklar, i underkant av 1/3 av tekstane, og den mest lesne delen av oppslagsverket. Desse har vore i korpuset i fleire år allereie.

Ved utviklinga av NRK.no som nettstad tidleg på 2000-talet forsøkte distriktskontora i Nordland og Sogn og Fjordane seg på å lage faktainformasjon om fylket tilgjengeleg på nett. Frå 2001 arbeidde særleg Ottar Starheim og Kjell Arvid Stølen ved NRK Sogn og Fjordane med leksikoninnhaldet. Prosjektet var støtta av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I 2014 avgjorde NRK at dei ikkje skulle drive med fylkesleksikon på nettstaden sin. Dei tok først kontakt med Store norske leksikon, som argumenterte mot kvaliteten på innhaldet, og seinare med fylkeskommunane. Nordland fylkeskommune tok over Fylkesleksikon for Nordland. Då det ikkje vart gjort avtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune inngjekk Allkunne avtale frå 11.2.2015.

Ved overtakinga hadde Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane om lag 7 000 artiklar og over 14 000 bilete. Innhaldet var om kommunar, bedrifter, stader, personar, historie,

næringsliv, kultur, idrett, organisasjonar. Mykje av innhaldet er ikkje typisk leksikonstoff, men liknar meir på lokalsoeartiklar.

Allkunne har i liten grad oppdatert, utvida eller utvikla tekstane. Dei fleste tekstane, med nokre unntak, er urørde frå 2015.

NRK har, som kjend, inga nynorsk språknorm, og artiklane følgjer journalistane sine eigne språklege preferansar. Sitat frå regionane og bruken av lokale kjelder gjer at det er ein viss regional/ lokal dâm over språket i nokre av artiklane.

Artiklane blir i 2021 teke over av Fylkesarkivet i Vestland, som også driv Kulturhistorisk leksikon for Sogn og Fjordane frå før. NRK har overført opphavsretten til Fylkesarkivet i Vestland. Det fører truleg til oppdatering og utvikling av stoff som stort sett har vore urørd. Det har berre vore retta når publikum har påpeika feil, og vi har stadfesta at det var feil.

Typisk artikkel: Første bilen i Eivindvik

<https://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon-sogn-og-fjordane/samferdsle/forste-bilen-i-eivindvik/1902/78282/>

Språknorm

Eg var inne på at det ikkje er noko kollektiv språkleg norm for Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane. Det er det derimot for dei neste kategoriane. Felles for kategoriane **Caplex, andre verk og nyskrivne** er at desse er redigerte ut frå husnorma i Nynorsk kultursentrum.

- Det tyder at forfattarar som har eigne språklege preferansar har blitt språkvaska til same norma
- Det tyder at omsett stoff frå bokmål er omsett til denne norma
- Det tyder at publisert stoff frå andre verk er endra frå opphavleg språk og vaska til denne norma

Denne delen av korpusmaterialet er derfor lite egna for å vurdere bruk og omfang av ordformer i nynorsk frå skribentar og forfattarar, men kan vere det for å vurdere det for organisasjonar (Nynorsk kultursentrum). Fleire av forfattarane har peika på at dei sjølve hadde føretrekt andre språkval. Eit par forfattarar står ikkje med namn fordi dei ikkje vil stå inne for språkvala.

Til sjølve norma:

Norma var fastsett av Ottar Grepstad, med ein språkvitar frå Høgskulen i Volda som konsulent, og var felles for Nynorsk kultursentrum og det som frå byrjinga av var Allkunne

AS. https://aasentunet.sharepoint.com/:w:/s/NKArkivogpostjournal/Ea_38QzreaRJpMS-pz-PLH0BakfU0wQYFho9uzqZZE8wDg?e=h0T9eg

Ideen har vore ein moderne midtlinjenynorsk utan regionalt preg.

Eg viser no den første lista. Det er då bygd på førre rettskrivingsnorm, så nokre val ein tok her er ikkje lenger nødvendige å ta, for dei som vil følgje offisiell rettskriving.

Eg går gjennom nokre val. Norma går utover krav om konsekvens. Den gjer val både på system- og ordnivå.

Nokre hovudval:

E-infinitiv (dette har vore blant det med mest diskusjon med einskildforfattarar, men også med fylkesopplæringsavdelinga i Rogaland)

Lydval

Konsonantval

Særskrivning/ samanskriving

Kjønn på ord

Kortform/ langform av verb

Bøyingsform for ein del verb

Detaljert ordliste

I tillegg til denne formelle lista er det gjort ein heil del val for å gjere tekstane tilgjengelege til flest mogleg på nett. Dei fleste kjem til sida såkalla organisk, det er gjennom søk. Derfor er det til dømes nytta bokmålsnære variantar, som stemmerett (sjølv om røysterett og røystring ofte finst i teksten) på oppslagsord og i enkeltval.

Ein kort periode i 2016/2017 nytta Allkunne «Enkel nynorsk ordliste» av Aud Søyland m.fl. som norm. Dette skapte uro blant forfattarane, og Allkunne fekk fritak frå denne ordlista, som resten av organisasjonen følgde til og med 31. oktober 2018.

Norma blei seinare forenkla i Nynorsk kultursentrum – av to grunnar. Ho vart for lita grad følgd fordi ho var for detaljert. Ho vart opplevd framand i nokre av lokalsamfunna vi har fast verksemd i, særleg i Ulvik og Vinje. Allkunne har også ein forenkla variant no, men det meste i oppslagsverket er skrive etter normprinsippa av denne opphavlege norma.

Desse to normene pregar i liten grad tekstane, og eg nemner det berre for å forklare dei få unnataka.

Caplex

Artiklane er kjøpt av Cappelen Damm, med einerett og avgrensa rett til å publisere tekstane på nynorsk på nett.

Fagkonsulentar, ofte lærarar, journalistar, av og til fagfolk med første- og toppkompetanse, har gått gjennom artiklane og sortert i:

1. Direkte til omsetjing
2. Treng oppdatering, med oppdatering
3. Slettast

Døme på artikkel:

<https://www.allkunne.no/framside/geografi/amerika/byar-og-stader-i-amerika/acapulco/132/2994/>

Teksten opphavleg: **Acapulco**, *de Juarez*, by i delstaten Guerrero, SØ-Mexico, ved Stillehavet, ca. 900 000 innb. med forsteder. Landets beste stillehavshavn. Grl. av spanierne 1550. Turisme.

Dette er korte tekstar skrive for papir. Mykje forkortingar og korte setningar. Lite fulle setningar. Det er ikkje gjort noko eller gjort veldig lite med språkføring, men omsett ganske direkte i tråd med mal, og lagt til heilsetningar mm.

Andre verk

Her har eg ikkje noko døme eg viser.

Jan Inge Sørbo: Nynorsk litteraturhistorie, fleire verk av Ottar Grepstad, særleg frå Viljen til språk, Jostein Nerbovik og andre sine artiklar frå Historie-verket til Samlaget, bok frå Noregs Ungdomslag om faner, Norsk presses historie, band 4

Dette er skrive om til nettformat. Særleg justert på ingress. I tillegg er det språkvaska etter norma.

Sjangeren er hybrid mellom bok/ nettartikkel/ leksikon. Noko er kraftig redigert, og noko er langt mindre redigert. Mest redigert er Nynorsk litteraturhistorie.

Nyskrivne

Frå og med 2009 har ein publisert eigne artiklar om mange ulike emne. Først nynorsk kulturhistorie, seinare andre emne, med vekt på aktualitet.

Dei er laga etter ei forfattarhandbok med målgruppe, mål om språkføring med meir:

<https://aasentunet.sharepoint.com/:w:/s/NKArkivogpostjournal/EeZE3hsQVXVIp4VBv3l3HDUBnMbqANuqaxHEXd4vWg1GCg?e=U6LoX5>

Artikkeldøme:

<https://www.allkunne.no/framside/temasider/klimaendringar/drivhuseffekten//2005/83816/>

<https://www.allkunne.no/framside/samfunn-politikk-og->

[naringsliv/samfunnsliv/samfunnsomgrep-generelt/folkeroystring/179/5509/](https://www.allkunne.no/framside/samfunn-politikk-og-naringsliv/samfunnsliv/samfunnsomgrep-generelt/folkeroystring/179/5509/)

<https://www.allkunne.no/framside/biografiar/1/ruth-lillegraven//95/83548/>

Oppsummert:

Hovuddelane i oppslagsverket Allkunne ved omleggingstidspunktet var 15 251 redigerte og omsette artiklar frå Caplex, 6 984 artiklar frå Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane, stort sett utarbeidd av NRK Sogn og Fjordane, om lag 2 500 nyskrivne artiklar for oppslagsverket og 1 500 artiklar frå eksisterande verk. Redigeringsprinsipp, språkval og bruk har blitt presentert for kvar kategori.

Eg kan også seie at Nynorsk kultursentrum representerer ofte nynorskinteresser mot Arkivverket og Nasjonalbiblioteket, og stiller gjerne opp for samlingane med meir.